DET KONGELEGE
FORSVARSDEPARTEMENT

Prop. 18 S

(2026–2027)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

Endringar i statsbudsjettet 2026 under Forsvarsdepartementet

Tilråding frå Forsvarsdepartementet 20. november 2026, godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Støre)

1 Innleiing

Regjeringa legg i denne proposisjonen fram forslag om naudsynte endringar av løyvingane under programområde 17 Militært forsvar, for å skapa best mogleg samsvar mellom løyvingane under dei einskilde kapitla og postane og endringar i budsjettføresetnadene som har skjedd sidan budsjettet vart vedtatt.

Regjeringa foreslår endringar av teknisk karakter mellom kapittel og postar i forsvarsbudsjettet som til dømes flyttingar av oppgåver og ansvar. Vidare er det foreslått endringar av inntekter som til dels har ei motsvarande utgiftsside. Regjeringa legg også fram forslag til endringar for å handtera nye behov med flyttingar innanfor den gjeldande løyvinga frå Stortinget. Vidare foreslår regjeringa tekniske endringar i løyvinga til militær støtte til Ukraina. Endringane har til føremål å plassera midlane på dei kapittel og postar der dei vert nytta.

2 Forslag til endringar i statsbudsjettet 2026

Kap. 1700 Forsvarsdepartementet

Post 01 Driftsutgifter

Regjeringa foreslår å auka løyvinga på posten med til saman 9,0 mill. kroner grunna følgjande saker:

Regjeringa foreslår å auka løyvinga med 6,8 mill. kroner til uføresette utgifter som krev rask avklaring, mot ein tilsvarande reduksjon som omtalt på kap. 1700, post 43. Vidare foreslår regjeringa å auka løyvinga med 2,0 mill. kroner for utgifter til Forsvarets forskingsinstitutt sitt oppdrag som myndigheitsstøtte i oppfølging og forvalting av European Defence Fund (EDF) og 0,2 mill. kroner til formannskapet i styringsgruppe for NATO Alliance Federated Surveillance and Control (AFSC). Utgiftene var opphavleg løyvde på kap. 1700, post 78, som vert foreslått redusert tilsvarande.

Post 43 Til disposisjon for Forsvarsdepartementet, kan overførast

Løyvinga på posten har vore nytta til å dekkja uføresette utgifter som krev rask avklaring. Det vert foreslått å avvikla posten og flytta løyvinga på 6,8 mill. kroner til kap. 1700, post 01, der føre-

målet vert vidareført. Tilsvarande forslag er lagt fram i Prop. 1 S (2026–2027).

Post 53 Risikokapital, NATO innovasjonsfond

Grunna periodisering av innbetalingane til fondet foreslår regjeringa å auka løyvinga på posten med 0,9 mill. kroner, mot ein tilsvarande reduksjon som omtalt på kap. 1760, post 45.

Post 71 Overføringar til andre, kan overførast

Grunna periodisering av innbetalingane i tilskot til FN foreslår regjeringa å redusera løyvinga på posten med 1,4 mill. kroner, mot ein tilsvarande auke som omtalt på kap. 1760, post 45.

Post 72 Tilskot til Noregs forskingsråd, kan overførast

Prognosane for tilskota som går gjennom Forskingsrådet er uvisse, sidan utbetalingane følgjer framdrifta i prosjekt. Løyvinga vert foreslått redusert med 18,2 mill. kroner, mot ein tilsvarande auke som omtalt på kap. 1760, post 45. Endringa vert òg sett i samanheng med forslag om endra tilsegnsfullmakt, jf. omtale under pkt. 4.

Post 73 Forsking og utvikling, kan overførast

Usikkerheit i utbetalingsprofil for samarbeidsprosjekta mellom Forsvarets forskingsinstitutt (FFI) og industrien har ført til ei oppbygging av midlar som er forplikta, men ikkje utbetalte. Vidare har regjeringa bestemt å utsetja handsaminga av søknader om tilskot til forsking, materiell og utviklingsstøtte medan ordninga skal evaluerast og forskriftsfestes, jf. omtale i Prop. 96 S (2025–2026). Desse forholda har ført til eit mindreforbruk på 85,9 mill. kroner, som regjeringa foreslår å omdisponera til materiellinvesteringar på kap. 1760, post 45.

Post 78 Noregs tilskott til NATOs og internasjonale driftsbudsjett, kan overførast

Regjeringa foreslår å redusera løyvinga på posten med til saman 20,6 mill. kroner grunna følgjande saker:

Regjeringa foreslår å redusera løyvinga med 223,7 mill. kroner for utbetalingsplan for EUs program Act in Support of Ammunition Production (ASAP). Deltakinga er finansiert over Nansen-programmet, og regjeringa foreslår å flytta midlane til kap. 1750, post 79.

Regjeringa foreslår å auka løyvinga med 30,3 mill. kroner for norsk deltaking i Allied Software for Cloud and Edge Services, mot ein tilsvarande reduksjon som omtalt på kap. 1760, post 45.

Regjeringa foreslår å redusera løyvinga med høvesvis 2,0 og 0,2 mill. kroner for Forsvarets forskingsinstitutt si oppdrag som myndigheitsstøtte i European Defence Fund (EDF) og formannskapet i NATO Alliance Federated Surveillance and Control (AFSC), mot ein tilsvarande auke som omtalt under kap. 1700, post 01.

Regjeringa foreslår å auka løyvinga med 130,0 mill. kroner til eit enkeltståande tilskot til Chemring Nobel AS. Tilskotet skal bidra til raskare modning av prosjekt for å auka produksjonen av militære eksplosiv gjennom etablering av nytt anlegg, og for å kunne leggja grunnlag for ei eventuell investering i 2027. Løyvinga på kap. 1760, post 45 vert redusert tilsvarande.

Regjeringa foreslår å auka løyvinga på posten med 45,0 mill. kroner til tilskot til NATOs DCB-program (Defence Capacity Building) til forsvarssamarbeid med Moldova. I 2026 er det løyva midlar til forsvarssamarbeid med Moldova på kap. 1720, post 01, som vert redusert tilsvarande.

Post 90 Kapitalinnskot, NATO innovasjonsfond

Grunna periodisering av innbetalingane til fondet foreslår regjeringa å auka løyvinga på posten med 1,6 mill. kroner, mot ein tilsvarande reduksjon som omtalt på kap. 1760, post 45.

Kap. 1710 Forsvarsbygg og nybygg og nyanlegg

Post 01 Driftsutgifter, kan overførast

Regjeringa foreslår å redusera løyvinga på posten med til saman 363,9 mill. kroner grunna følgjande saker:

Anslaga for utgifter til forvalting av eigendom er reduserte med 17,1 mill. kroner på grunn av arealendringar. Anslaga for utgifter til forsyning er auka med 362,3 mill. kroner og kjem av vedvarande høge energiprisar, auka forbruk som følgje av høgare aktivitet og beredskap, samt fleire bygg, anlegg og tekniske installasjonar som skal driftast. Endringane har ei tilsvarande redusert inntektsside som omtalt på kap. 4710, post 01.

Brukarstyrte prosjekt vert gjennomførte på grunnlag av bestillingar til Forsvarsbygg frå brukare av eigendom, bygg og anlegg i forsvarssektoren. Anslaga for utgifter til brukarstyrte prosjekt er nedjusterte med 200,0 mill. kroner. Endringane

har ei tilsvarande redusert inntektsside som omtalt på kap. 4710, post 01.

Forsvarsbygg tek imot oppdrag innanfor sektoren som gjeld NATO-prosjekter, bustad og kvarter og forvaltingsoppdrag og FoU. På grunn av nedjusteringar i årsprognosen vert det foreslått å redusera løyvinga med 211,1 mill. kroner. Endringane har ei tilsvarande redusert inntektsside som omtalt på kap. 4710, post 01.

Forsvarsbygg utfører oppdrag utanfor forsvarssektoren. Dei mest omfattande oppdraga er knytte til Justis- og beredskapsdepartementet, særleg innanfor Justis- og beredskapsdepartementets anskaffingsprosjekt for nye redningshelikopter NAWSARH (Norwegian All Weather Search And Rescue Helicopter). På grunn av endra prognosar for NAWSARH-prosjekta foreslår regjeringa å redusera løyvinga med 63,1 mill. kroner. Endringane har ei tilsvarande redusert inntektsside som omtalt på kap. 4710, post 01.

Forsvarsbygg har meirutgifter på 2,4 mill. kroner til støttetenester i samband med *Supplementary Defence Cooperation Agreement* (SDCA). Forsvarsbygg har mindreutgifter på 22,0 mill. kroner til reinhald. Dei to sakene gir samla eit mindrebehov på 19,6 mill. kroner som vert foreslått omdisponert til materiellinvesteringar på kap. 1760, post 45.

Prosjektet Sikker teknisk infrastruktur har eit mindrebehov i 2026, og løyvinga på posten vert foreslått redusert med 216,4 mill. kroner.

Regjeringa foreslår å auka løyvinga med 1,1 mill. kroner knytt til planlegginga og gjennomføringa av gravferda til H.M. Kong Harald V.

Post 47 Nybygg og nyanlegg, kan overførast, kan nyttast under kap. 1760, post 45

Regjeringa foreslår å auka løyvinga på posten med til saman 187,0 mill. kroner grunna følgjande saker:

Regjeringa foreslår å omdisponera 169,0 mill. kroner frå kap. 1760, post 45, for å forsera investeringar i eigedom, bygg og anlegg som har høg prioritet. Omdisponeringa er gjort i tråd med føremålet til stikkordsfullmakta «kan nyttast under kap. 1710, post 47» på kap. 1760, post 45 om å sjå investeringar i materiell og investeringar i eigedom, bygg og anlegg i samanheng. Redusert løyving til materiellinvesteringar i 2026 vert handtert gjennom den samla porteføljestyringa av materiellinvesteringar. Endringa inneber ikkje ei redusert satsing på materiellinvesteringar i planperioden samanlikna med føresetnadene som er lagde til grunn for langtidsplanen for forsvarssektoren.

Regjeringa foreslår å auka løyvinga på posten med 18,0 mill. kroner tilsvarande meirinntektene frå sal av leilegheiter som omtalt på kap. 4710, post 47. Auken går til renovering av leilegheiter for forsvarstilsette.

Område- og perimetersikring av Andøya flystasjon

Forsvarsdepartementet har tidlegare opplyst at bygginga av perimetersikringstiltaket ved Andøya flystasjon skulle gjennomførast i perioden 2026–2028, og at arbeidet skulle starta i 2026. Tiltaket skal gi ei forsvarleg sikring av verksemda til Forsvaret på flystasjonen og samstundes vareta krava frå Avinor og Luftfartstilsynet til tryggleik på flyplassen. Forsvarsbygg fekk i juni 2026 oppdraget med å gjennomføra prosjektet. Prosjektet er ferdig prosjektert, og konkurransen om bygginga vart kunngjord 29. oktober 2026, med tilbodsfrist 3. desember 2026. Kontrakten er planlagd inngått i desember 2026. Tiltaket er søknadspliktig etter plan- og bygningslova og krev mellom anna dispensasjonar frå gjeldande arealplanar. Byggestart er etter dette venta i første halvår 2027, og prosjektet er framleis planlagt ferdigstilt i 2028.

Kap. 4710 Forsvarsbygg og nybygg og nyanlegg

Post 01 Driftsinntekter

Regjeringa foreslår å redusera løyvinga med 129,0 mill. kroner, jf. omtale under kap. 1710, post 01 av utgiftsendringar som har ei tilsvarande inntektsside.

Post 47 Sal av eigendom

Regjeringa foreslår å auka løyvinga på posten med 18,0 mill. kroner som følgje av meirinntekter frå sal av leilegheiter, jf. omtale på kap. 1710, post 47.

Kap. 1720 Forsvaret

Post 01 Driftsutgifter

Regjeringa foreslår å auka løyvinga på posten med til saman 724,3 mill. kroner grunna følgjande saker:

Regjeringa foreslår å auka løyvinga på posten med 674,8 mill. kroner til utgifter som har ei tilsvarande inntektside, jf. omtale under kap. 4720, post 01.

Regjeringa foreslår å redusera løyvinga med 45,0 mill. kroner mot tilsvarande auke til forsvars-

samarbeid i Moldova som omtalt på kap. 1700, post 78.

Regjeringa foreslår å auka løyvinga på posten med 20,9 mill. kroner mot ein tilsvarande reduksjon på kap. 1760, post 01. Endringa er ei justering av overføringar som vart gjort frå Forsvarsmateriell til Forsvaret i revidert nasjonalbudsjett for 2026 i samband med organisasjonsendringane i prosjekt Forsvarssektoren 2024 (F24), jf. Innst. 450 S (2025–2026) til Prop. 96 S (2025–2026).

Regjeringa foreslår å redusera løyvinga på posten med 3,8 mill. kroner mot ein tilsvarande auke på kap. 1760, post 01 til ombygging av fartøy Sjøbjørn M2.

Regjeringa foreslår å auka løyvinga på posten med 9,9 mill. kroner mot ein tilsvarande reduksjon på kap. 1760, post 45 til prosjektleiing av materiellinvesteringsprosjekt der Forsvaret er prosjekteigar og -leiar.

Regjeringa foreslår å redusera løyvinga på posten med 5,8 mill. kroner mot ein tilsvarande auke på kap. 1791, post 01 til utgifter til redningshelikoptertenesta.

Regjeringa foreslår å auka løyvinga med 73,4 mill. kroner knytt til planlegginga og gjennomføringa av gravferda til H.M. Kong Harald V.

Informasjon om forskyving i maritime innsatsstyrker

Forsvarsdepartementet informerer om at det til grunn for det vidare arbeidet med utviklinga av strukturen i Heimevernet ligg ei forskyving knytt til etableringa av dei maritime innsatsstyrkane i HV-09 og HV-12, samanlikna med opprinneleg langtidsplan, jf. Innst. 426 S (2023–2024) til Prop. 87 S (2023–2024). Etableringa av dei maritime innsatsstyrkane er planlagt påbegynt i 2030 for HV-09 og 2032 for HV-12 og er venta etablert innan utgangen av høvesvis 2032 og 2034.

Kap. 4720 Forsvaret

Post 01 Driftsinntekter

Regjeringa foreslår å auka løyvinga på posten med 674,8 mill. kroner, som følgje av oppdaterte anslag for inntekter i løpet av året. Om lag 520 mill. kroner av auken er knytt til Forsvarets logistikkorganisasjon (FLO), og skuldast blant anna auka salsinntekter for drivstoff til allierte og sivile og auka inntekter frå allierte nasjonar etter CORE 26 samt anna øvingsaktivitet. Det er også meirinntekter i andre driftseiningar, blant anna sal av tenester frå Cyberforsvaret, betaling frå Helse- og omsorgsdepartementet til Forsvarets sanitet for evakuering av pasientar frå Ukraina, vidarefakturering av allierte og andre etatar frå Forsvarets spesialstyrkar, samt inntekter til Forsvarets personell- og vernepliktssenter frå NATO for utgifter til Fleet Operationel Readiness Accuracy Check Sites i Stavanger. Endringane har ei tilsvarande auka utgiftsside som omtalt på kap. 1720, post 01.

Kap. 1730 Forsvarshistorisk museum, utgifter

Post 01 Driftsutgifter

Regjeringa foreslår å auka løyvinga på posten med til saman 1,7 mill. kroner.

1,4 mill. kroner går til auka driftsutgifter, som delvis har ein tilsvarande inntektsauke som omtalt på kap. 4730, post 01.

Regjeringa foreslår å auka løyvinga med 0,3 mill. kroner knytt til planlegginga og gjennomføringa av gravferda til H.M. Kong Harald V.

Kap. 4730 Forsvarshistorisk museum, inntekter

Post 01 Driftsinntekter

Regjeringa foreslår å auka løyvinga på posten med til saman 1,0 mill. kroner.

Forsvarshistorisk museum har oppdrag om å auka eigeninnteninga som eit tillegg til Forsvarsdepartementets årlege tildeling. Auka eigeninntening skal bidra til vidareutvikling av etaten, jf. forslag om tilsvarande utgiftsauke på kap. 1730, post 01.

I samband med gravferda til H.M. Kong Harald V har Forsvarshistorisk museum hatt reduserte billettinntekter på 0,4 mill. kroner som følgje av stenging av musea på Akershus slott. Dette er det teke omsyn til i forslag til løyving.

Kap. 1740 Statens graderte plattformtenester, utgifter

Post 01 Driftsutgifter, kan overførast, kan nyttas under 1740, post 45

Regjeringa foreslår å auka løyvinga på posten med til saman 15,3 mill. kroner grunna følgjande saker:

Regjeringa foreslår å auka løyvinga med 39,0 mill. kroner for meirutgifter med ei tilsvarande inntektsside, jf. omtale på kap. 4740, post 01.

Det vert foreslått å redusera løyvinga med 30,0 mill. kroner mot ein tilsvarande auke på kap.

1740, post 45 for investering i datasenterinfrastruktur.

Regjeringa foreslår å auka løyvinga med 6,2 mill. kroner, som vert rammeoverført frå Statsministerens kontor på kap. 20, post 01 til Statens graderte plattformtenester i samband med overføring av IKT-tilsette.

Regjeringa foreslår å auka løyvinga med 0,1 mill. kroner knytt til planlegginga og gjennomføringa av gravferda til H.M. Kong Harald V.

Post 45 Større utstyrsanskaffingar og vedlikehald, kan overførast

Regjeringa foreslår å auka løyvinga på posten med 30,0 mill. kroner til investering i datasenterinfrastruktur, som vert omdisponert frå kap. 1740, post 01. Utstyret er ein del av den tekniske infrastrukturen som støttar opp under tenesteleveransane til etaten og kapasiteten i datasentera. Anskaffinga vert rekna som investeringar framfor driftsutgifter.

Kap. 4740 Statens graderte plattformtenester, inntekter

Post 01 Driftsinntekter

Regjeringa foreslår å auka løyvinga på posten med til saman 36,0 mill. kroner grunna følgjande saker:

Grunna auka inntekter frå Statens graderte plattformtenester sine tenestemottakarar foreslår regjeringa å auka løyvinga med 39,0 mill. kroner. Auken har ein tilsvarande utgiftsside på kap. 1740, post 01. Vidare vert det foreslått å redusera løyvinga på posten med 3,0 mill. kroner grunna ein forskyving av inntekter for etablering av Nasjonal BEGRENSET plattform (NBP) og Nasjonal HEMMELIG plattform (NHP) til 2027, mot ein tilsvarande reduksjon på kap. 1760, post 45.

Kap. 1750 Militær støtte til Ukraina, utgifter

Post 21 Spesielle driftsutgifter, kan overførast, kan nyttast under 1750, post 79

Regjeringa foreslår å redusera løyvinga på posten med til saman 3 395,1 mill. kroner grunna følgjande saker:

Regjeringa foreslår å auka løyvinga med 55,3 mill. kroner. Auken er knytt til utlegg og teneste frå forsvarssektoren til Kongsberg Defence & Aerospace AS og har ei tilsvarande inntektsside som omtalt på kap. 4750, post 01.

Regjeringa foreslår å redusera løyvinga med 3 450,4 mill. kroner mot ein tilsvarande auke som omtalt på kap. 1750, post 79 til auka tilskotsutbetalingar i 2026.

Post 79 Tilskot til militær støtte for Ukraina, kan overførast, kan nyttast under 1750, post 21

Regjeringa foreslår å auka løyvinga på posten med 4 085,6 mill. kroner grunna følgjande saker:

Regjeringa foreslår å auka løyvinga med 3 450,4 mill. kroner til auka tilskotsutbetalingar i 2026. Situasjonen i Ukraina er dynamisk og dei ukrainske behova endrar seg i takt med utviklinga i krigen. Regjeringa gjer vedtak om tiltak for støtte til Ukraina gjennom året. Regjeringa har vedteke å understøtta naudsynte ukrainske behov ved å auka Noregs bidrag til internasjonale samarbeidsmekanismar, i hovudsak for å bidra til Ukrainas behov for tiltak mot russiske luftangrep. Regjeringa foreslår difor ein løyvingsauke på kap. 1750, post 79, mot ein tilsvarande reduksjon på kap. 1750, post 21.

Regjeringa foreslår å auka løyvinga med 744,5 mill. kroner til donasjonar av materiell til Ukraina. Regjeringa har i 2026 planlagt med donasjonar av materiell frå forsvarssektoren for 2 184,5 mill. kroner. Verdien av donert materiell frå forsvarssektoren vert trekt ifrå ramma på Nansen-programmet på donasjonstidspunktet, mot ein tilsvarande auke når gjenanskaffinga kjem til utbetaling. I saldert budsjett 2026 vart det trekt frå 2,0 mrd. kroner i påvente av forventa donasjonar i 2026. I revidert nasjonalbudsjett 2026 vart det trekt frå ytterlegare 929,0 mill. kroner for donasjonar så langt i 2026, jf. Innst. 450 S (2025–2026) til Prop. 96 S (2025–2026).

Størstedelen av auken skjer som følgje av at delar av ein planlagt donasjon av NASAMS-materiell i 2026 vert gjennomført i 2027, grunna naudsynt behov for klargjering av materiellet. Materiellet som vert donert i 2027 har ein verdi på 812,0 mill. kroner. Vidare har regjeringa vedteke donasjonar av materiell for 55,0 mill. kroner for å understøtta allereie donert NASAMS-materiell som skal gjenanskaffast i seinare år, og donasjon av overskotsmateriell som ikkje skal gjenanskaffast for 12,5 mill. kroner.

Regjeringa foreslår å auka løyvinga med 223,7 mill. kroner til utbetalingsplan for EUs program *Act in Support of Ammunition Production* (ASAP). Deltakinga er finansiert over Nansen-programmet, og regjeringa foreslår å flytta midlane til kap. 1750, post 79, frå kap. 1700, post 78.

Regjeringa foreslår at det skal opprettast ei ordning som opnar for statleg deltaking i norske fond retta mot ukrainsk forsvarsindustri. Ordninga er foreslått med ei ramme på 1 mrd. kroner som vert tilført Nærings- og fiskeridepartementet frå Nansen-programmet i perioden 2026-2028. Føremålet er å bidra til utvikling av ukrainsk forsvarsindustri og styrking av europeisk og norsk tryggleik.

Ukraina har vist at landet kan skape delar av det naudsynte materiellet sjølv, så sant allierte investerer i og skaffar materiell som vert produsert av ukrainsk forsvarsindustri. Ukrainske myndigheiter har bedt om at Noreg vurderer å oppretta eit fond for investeringar i ukrainsk forsvarsindustri. Fleire land er til stades i marknaden, med USA-baserte investorar i spissen. I Noreg vert fondet skipa med privat kapital, retta mot ukrainsk forsvarindustri. Ved skipinga av denne ordninga bidreg Noreg til å skape ein meir robust forsvarssektor i Ukraina som på sikt kan setja dei i stand til å skalera og investera i teknologiar og produkt dei har behov for.

Ukrainsk produksjonskapasitet og innovasjonsevne er avgjerande for Ukraina, men kan også på sikt skape framtidig avskrekking og styrkja tilgangen til relevant militært materiell for dei europeiske allierte. Ordninga gjeld investeringar med høg usikkerheit i eit land i krig, som inneber ein betydeleg høgare risiko enn tilsvarande investeringar i Noreg. Risikoen vil avhenga av utviklinga av selskapa det vert investert i, og korleis krigen i Ukraina utviklar seg i åra framover. Regjeringa meiner samstundes det er avgjerande for Ukraina at Noreg, så vel som andre nasjonar, investerer i ukrainske selskap som kan støtta opp under den ukrainske forsvarskampen.

Ordninga skal finansierast gjennom den militære delen av Nansen-programmet, og liggja under Nærings- og fiskeridepartementet.

Det vert derfor foreslått å rammeoverføra 333 mill. kroner frå Forsvarsdepartementets kap. 1750, post 79 til Nærings- og fiskeridepartementets kap. 952, post 52.

Informasjon om enkeltståande tilskot over Nansen-programmet til norske mottakarar

Forsvarsdepartementet tildelte Nammo eit enkeltståande tilskot på 375 mill. kroner i 2024. Føremålet med tilskotet er gradert og har difor ikkje vert omtala tidlegare, og gjeld kritiske komponentar Ukraina har behov for. Forsvarsdepartementet utbetalte 225 mill. kroner i 2024 og legg opp til å utbetala resterande 150 mill. kroner i 2026, med 25 mill. kroner i risikoavsetning. Total ramme for tilskotet er inntil 400 mill. kroner.

Forsvarsdepartementet legg opp til å tildela tilskot på inntil 45 mill. kroner til Kongsberg Gruppen ASA (KOG). Føremålet med tilskotet er å støtta Ukrainas ambisjon om å utvikla eit europeisk anti-ballistisk luftvernsystem. Tilskotet skal dekkja delar av KOG sitt arbeid med prosjektet.

Forsvarsdepartementet gav i 2024 eit tilsegn om tilskot til Chemring Nobel AS for å byggja opp heksamin-produksjon i Noreg innanfor ei total ramme på 100 mill. kroner til tiltaket. Første utbetaling til prosjektet vart utbetalt i 2025 med totalt 67 mill. kroner, jf. omtale under kap. 1700, post 78 i Prop. 16 S (2025–2026). I budsjettet for 2026 har Forsvarsdepartementet lagt opp til å tildela siste utbetaling i prosjektet på 33 mill. kroner til Chemring Nobel AS. Prosjektet er forsinka og siste utbetaling på 33 mill. kroner vert forskyvd til 2027.

Regjeringa har sidan 2024 totalt sett av 950 mill. kroner til medfinansiering av norske prosjekt innanfor EUs program for auka produksjonskapasitet (ASAP). Noregs deltaking i ASAP vart først omtalt i samband med revidert nasjonalbudsjett 2024, jf. Prop. 104 S (2023–2024). Grunna uførutsette tilhøve knytte til mellom anna grunnforhold, er to av Chemring Nobel sine tre prosjekt for kapasitetsutviding av eksisterande anlegg noko forsinka. Prosjekta skal gjennomførast, men ferdigstillinga vert noko utsett.

Nammo mottek medfinansiering for to prosjekt innanfor ASAP, der eitt av prosjekta var for å auka tilfanget på modulære drivladningar til 155mm. artilleriammunisjon. I dette prosjektet er Nammo del av eit fleirnasjonalt konsortium, og Nammo er tildelt 160 mill. kroner av Forsvarsdepartementet for prosjektet. Nammo har valt å trekkja seg frå dette konsortiet og tilskotsavtalen vert difor avslutta. Ubrukte midlar frå prosjektet vil igjen inngå i den ordinære ramma av den militære delen av Nansen-programmet.

Informasjon om donasjonar og gjenanskaffing av donert materiell

I perioden 2022–2026 har donasjonar av materiell frå forsvarssektoren utgjort ein vesentleg del av den norske militære støtta til Ukraina. Inkludert planlagde donasjonar i 2026 er det donert materiell til ein samla verdi av om lag 20,9 mrd. kroner frå forsvarssektoren i perioden 2022–2026. Donert overskotsmateriell til ein verdi av 2,0 mrd. kroner skal ikkje gjenanskaffast. Med planlagde utbetalingar i 2026 har regjeringa så langt gjennomført

utbetalingar for om lag 5,7 mrd. kroner for gjenanskaffing av donert materiell. I perioden 2023-2026 er det sett av 916,6 mill. kroner til handtering av prisauke knytt til det samla fråtrekket for donert materiell. Det står difor att om lag 14,1 mrd. kroner til utbetaling for gjenanskaffing av donert materiell etter budsjettåret 2026.

Kap. 4750 Militær støtte til Ukraina, inntekter (NY)

Post 01 Driftsinntekter

Regjeringa foreslår å auka løyvinga på posten med 55,3 mill. kroner. Grunna inntekter frå Kongsberg Defence & Aerospace AS som følgje av utlegg og teneste levert frå forsvarssektoren, foreslår regjeringa å auka løyvinga med 55,3 mill. kroner. Auken har ei tilsvarande utgiftsside som omtalt på kap. 1750, post 21.

Kap. 1760 Forsvarsmateriell og større anskaffingar og vedlikehald

Post 01 Driftsutgifter, kan nyttast under kap. 1760, post 45

Regjeringa foreslår å auka løyvinga på posten med 66,8 mill. kroner grunna følgjande saker:

Regjeringa foreslår å auka løyvinga på posten med 84,0 mill. kroner til direkte utgifter i samband med sal av P-3 Orion i tråd med Forsvarsdepartementet sin meirinntektsfullmakt. Sjå òg omtale under kap. 1760, post 45 og kap. 4760, post 45.

Regjeringa foreslår å auka løyvinga på posten med 3,8 mill. kroner mot ein tilsvarande reduksjon på kap. 1720, post 01 til ombygging av fartøy Sjøbjørn M2.

Regjeringa foreslår å redusera løyvinga på posten med 20,9 mill. kroner mot ein tilsvarande auka på kap. 1720, post 01. Endringa er ei justering av overføringar som vart gjort frå Forsvarsmateriell til Forsvaret i revidert nasjonalbudsjett for 2026 i samband med organisasjonsendringane i prosjekt Forsvarssektoren 2024 (F24), jf. Innst. 450 S (2025–2026) til Prop. 96 S (2025–2026).

Post 44 Fellesfinansierte investeringar, nasjonalfinansiert del, kan overførast

Regjeringa foreslår å redusera løyvinga på posten med 73,0 mill. kroner grunna forseinkingar i prosjekt knyte til NATO sitt investeringsprogram for tryggleik, mot ein tilsvarande auke på kap. 1760, post 45.

Post 45 Større utstyrsanskaffingar og vedlikehald, kan overførast, kan nyttast 1710, post 47

Regjeringa foreslår å redusera løyvinga på posten med til saman 607,5 mill. kroner grunna følgjande saker:

Regjeringa foreslår å redusera løyvinga på posten med 130,0 mill. kroner mot ein tilsvarande auke på kap. 1700, post 78, til tilskot til Chemring Nobel, jf. omtale på same post. Omdisponeringa vert teken frå ledig likviditet på materiellinvesteringsbudsjettet i 2026.

Regjeringa foreslår å redusera løyvinga på posten med 169,0 mill. kroner mot ein tilsvarande auke som omtalt på kap. 1710, post 47.

Basert på valutakursar per 1. september 2026 foreslår regjeringa å redusera løyvinga til valutakompensasjon av store investeringsprosjekt med 724,4 mill. kroner.

Grunna redusert framdrift i oppdrag frå Forsvarsdepartementet foreslår regjeringa at 3,4 mill. kroner av tidlegare rammeoverføring til Noregs forskingsråd (kap. 285, post 21) vert tilbakeført, slik at løyvinga på kap. 1760, post 45 aukar tilsvarande.

Prognosane for tilskota som går gjennom Forskingsrådet er uvisse, sidan utbetalingane følgjer framdrifta i prosjekt. Løyvinga på posten vert foreslått auka med 18,2 mill. kroner, mot ein tilsvarande reduksjon som omtalt på kap. 1700, post 72.

Regjeringa foreslår å auka løyvinga på posten med 73,0 mill. kroner grunna redusert finansieringsbehov for prosjekt knytte til NATO sitt investeringsprogram for tryggleik inneverande år, jf. omtale på kap. 1760, post 44. Av same årsak foreslår regjeringa å auka løyvinga på posten med 25,9 mill. kroner, jf. omtale på kap. 1760, post 75. Endringane vert òg sett i samanheng med endringar på kap. 1760, post 48 og kap. 4760, post 48.

Regjeringa foreslår å auka løyvinga på posten med 94,7 mill. kroner som følgje av auka royaltiesinntekter, jf. omtale på kap. 4760, post 01.

Meirinntektene frå sal av P-3 Orion er forventa å verta 270 mill. kroner, jf. omtale under kap. 4760, post 45. Direkte utgifter til avhending i samband med salet er forventa å verta 84,0 mill. kroner, jf. omtale under kap. 1760, post 01. Regjeringa foreslår å auka løyvinga på posten med 75 pst. av netto meirinntektene frå salet, som svarar til 139,5 mill. kroner. Dette er i tråd med Forsvarsdepartementet sin meirinntektsfullmakt.

Regjeringa foreslår å redusera løyvinga på posten med 3,0 mill. kroner grunna ein forskyving av inntekter for etablering av Nasjonal BEGRENSET plattform (NBP) og Nasjonal HEMMELIG plattform (NHP) til 2027, jf. omtale under kap. 4740, post 01.

Regjeringa foreslår i tillegg tekniske omdisponeringar mellom kap. 1760, post 45 og en rekke andre poster som i sum aukar løyvinga på posten med 64,2 mill. kroner. Sjå omtale under høvesvis kap. 1700, post 53, kap. 1700, post 71, 1700, post 73, kap. 1700, post 78, kap. 1700, post 90, kap. 1710, post 01 og kap. 1720, post 01.

Post 48 Fellesfinansierte investeringar, fellesfinansiert del, kan overførast

Regjeringa foreslår å redusera løyvinga på posten med 290,6 mill. kroner som følgje av redusert framdrift i prosjekt knytte til NATO sitt investeringsprogram for tryggleik. Endringane vert sett i samband med endringar på kap. 1760, post 45, 1760, post 75 og kap. 4760, post 48.

Post 75 Fellesfinansierte investeringar, Noregs tilskott til NATOs investeringsprogram for tryggleik, kan overførast, kan nyttast under kap. 1760, post 44

Regjeringa foreslår å redusera løyvinga på posten med 164,5 mill. kroner grunna redusert framdrift i prosjekt knytte til NATO sitt investeringsprogram for tryggleik. Endringane vert sett i samanheng med endringar på kap. 1760, post 45, 1760, post 48 og kap. 4760, post 48.

Kap. 4760 Forsvarsmateriell og større anskaffingar og vedlikehald

Post 01 Driftsinntekter

Regjeringa foreslår å auka løyvinga på posten med 94,7 mill. kroner grunna innbetalte royalties, mot ein tilsvarande auke som omtalt på kap. 1760 post 45.

Post 45 Større utstyrsanskaffingar og vedlikehald, inntekter

Regjeringa foreslår å redusera løyvinga på posten med 467,0 mill. kroner grunna følgjande saker:

Regjeringa foreslår å auka løyvinga på posten med 270 mill. kroner grunna meirinntekter frå sal av overvakingsfly P-3 Orion. Sjå òg omtale på kap. 1760, post 01 og kap. 1760, post 45.

Regjeringa foreslår å redusera løyvinga på posten med 737,0 mill. kroner grunna forseinking i levering av F-16 fly til Romania. Inntektene vert forskyvd til 2027.

Post 48 Fellesfinansierte investeringar, inntekter

Regjeringa foreslår å redusera løyvinga på posten med 429,2 mill. kroner grunna redusert framdrift i prosjekt knytte til NATO sitt investeringsprogram for tryggleik. Endringane vert sett i samband med endringar på kap. 1760, post 45, 48 og 75.

Kap. 1791 Redningshelikoptertenesta

Post 01 Driftsutgifter

Regjeringa foreslår å auka løyvinga på posten med 5,8 mill. kroner mot ein tilsvarande reduksjon som omtalt på kap. 1720, post 01, til utgifter til redningshelikoptertenesta.

3 Interne endringar på kap. 1720 Forsvaret

Kap. 1720 dekker løyvinga til drift av Forsvaret, med unntak av kap. 1735 Etterretningstenesta og kap. 1791 Redningshelikoptertenesta. Tabellen under viser intern fordeling og endringar under kap. 1720 i planen til Forsvaret, føreset endringane som vert fremma i nysalderinga. I tillegg er lønskompensasjon for 2026 fordelt på driftseining, jf. Innst. 461 S (2025–2026) til Prop. 100 S (2025–2026).

Tabell 3.1 Fordeling av forslag til løyving på avdelingane i Forsvaret

(i 1 000 kroner)

Forsvarets fordeling	Saldert budsjett 2026	Endring i tilknytning til RNB	Lønns-kompensasjon 2026	Endringar i fordelinga gitt nysalderinga	Ny fordeling av foreslått løyving
Cyberforsvaret	3 316 769	177 477	43 124	114 218	3 651 588
Forsvarets fellestenester	1 419 232	-1 063 365	31 474	763 150	1 150 492
Forsvarets høgskole	1 328 873	-14 142	22 069	143 694	1 480 494
Forsvarets logistikk-organisasjon	3 461 767	501 971	31 916	492 336	4 487 989
Forsvarets operative hovudkvarter	775 316	263 183	10 992	-144 158	905 333
Forsvarets personell- og vernepliktssenter	1 892 720	30 855	38 039	108 579	2 070 192
Forsvarets spesialstyrkar	1 320 530	225 998	26 118	42 240	1 614 886
Forsvarets sanitet	424 106	5 626	10 126	25 916	465 773
Forsvarsstaben felles	2 371 908	821 177	-	-1 669 083	1 523 182
Heimevernet	2 238 295	66 967	29 970	8 596	2 343 829
Hæren	9 166 959	1 031 544	142 799	449 154	10 790 456
Norske styrkar i utlandet	874 073	-874 073			
Kystvakta	1 828 303	46 049	16 115	52 888	1 943 355
Luftforsvaret	11 555 522	-575 589	104 642	347 637	11 432 212
Sjøforsvaret	7 243 727	130 224	85 271	- 10 830	7 448 393
Sum kap. 1720	49 217 279	773 902	592 655	724 336	51 308 172

Dei største endringane er knytte til forhold som påverkar fleire driftseiningar. Dei største gjeld fordeling av sentrale avsetningar til lønn- og insentivprosjektet (711,4 mill. kroner), pensjonsutgifter (435,0 mill. kroner) og valuta, drivstoff og forsyning til eigedom, bygg og anlegg (428,4 mill. kroner). Dette er også hovudforklaringa til reduksjonen under Forsvarsstaben, der sentrale avsettingar er plassert. Vidare er det lagt til grunn auka utgifter hos fleire driftseiningar mot tilhøyrande krav til inntekter over kap. 4720, post 01.

Løyvinga på kap. 1720, post 01 vart auka med 150 mill. kroner til aktivitet, øving og trening ved handsaminga av revidert nasjonalbudsjett for 2026, jf. Innst. 450 S (2025–2026) til Prop. 96 S (2025–2026). Desse midlane er no fordelte på 50 mill. kroner til Hæren, 50 mill. kroner til Luftforsvaret, 35 mill. kroner til Sjøforsvaret og 15 mill. kroner til Kystvakta. Forsvaret prioriterer Luftforsvaret ytterlegere som følgje av høgt prioriterte og ikkje-planlagde operasjonar med P-8 og opprettinga av Combined Air Operations Centre (CAOC). Ei anna større endring er ei intern styrking av Forsvarets logistikkorganisasjon (FLO) med om lag 269,7 mill. kroner til forsyningsberedskap og 42,3 mill. kroner til godstransport for å auka beredskapen i styrkestrukturen og redusera behovet for lagertæring.

4 Fullmakter

Tilsegnsfullmakt kap. 1700, post 72 Tilskot til Noregs forskingsråd

Prognosane for tilskota som går gjennom Forskingsrådet er uvisse, sidan utbetalingane følgjer framdrifta i prosjekt. For å ta omsyn til oppdaterte

prognoser vert det foreslått å auka tilsegnsfullmakta på posten med 12,1 mill. kroner til 462,1 mill. kroner.

Investeringsfullmakter kap. 1760, post 45

Nye materiellprosjekt for godkjenning

Prosjekt 1164 Simulator til P-8A Poseidon

Dei maritime patruljeflya P-8A Poseidon er ein strategisk kapasitet for Noreg og sentrale for evna til å etablera god nasjonal og alliert situasjonsforståing i nordområda.

I Prop. 87 S (2023–2024) *Forsvarsløftet – for Norges trygghet – Langtidsplan for forsvarssektoren 2025–2036* prioriterer regjeringa ei gjennomgåande satsing på simulatorar i forsvarssektoren som eit relevant supplement til anna trenings- og øvingsaktivitet.

Plattformene og systema til Luftforsvaret er kostbare i drift og krev mykje trening og øving. Den vedtekne langtidsplanen identifiserer behovet for å auka effekten av dei maritime patruljeflya P-8A Poseidon gjennom tilgang til simulator. For å auka utnyttinga av operative P-8-fly skal det skaffast ein P-8-simulator som skal plasserast på Evenes flystasjon. Tilgang til simulator vil styrkje evna til styrkeproduksjon gjennom høve til å trena meir og på ulike typar oppdrag.

I tillegg medverkar simulatoren til å redusera havforureininga frå forsvarssektoren knytt til utdanning og trening. Simulatoren vil òg gje betre ressursutnytting i drifta og redusera belastninga på personellet, som i dag reiser utanlands for å trena i simulator.

Det er gjennomført ekstern kvalitetssikring av prosjektet i samsvar med retningslinjene for store statlege investeringar. Resultata frå kvalitetssikringa ligg til grunn for den foreslåtte kostnadsramma. Forsvarsdepartementet følgjer opp dei forholda som kvalitetssikraren har peikt på, i den vidare styringa av prosjektet og i oppfølginga av eigedom, bygg og anlegg-prosjektet.

Simulatoren til P-8 omfattar tryggingsgradert materiell av amerikansk opphav som er underlagt amerikanske eksportrestriksjonar. Anskaffinga er planlagd gjennomført som ei direkte anskaffing frå amerikanske styresmakter gjennom regelverket Foreign Military Sales (FMS).

I samband med anskaffinga av P-8-flya vart det etablert ein avtale om industrisamarbeid med leverandøren av flya. Denne avtala vert justert fortløpande ved ytterlegare anskaffingar knytte til P-8. Det vil stillast krav til leverandøren av simulatoren om ein avtale om industrisamarbeid. Kontrakten er planlagd signert i januar 2027, med levering i perioden 2031–2034.

Den foreslåtte kostnadsramma for prosjektet (P85) er 4 818 mill. 2027-kroner, inkludert meirverdiavgift, avsetjing for uvisse og gjennomføringskostnader, samt kostnader knytte til kravet om avtale om industrisamarbeid. Kostnadsramma er basert på valutakursen per 1. juli 2026 og vil justerast ved endringar i valutakursane. Styringsramma for prosjektet er 3 990 mill. 2027-kroner, inkludert meirverdiavgift.

Omfangsendring av pågåande materiellprosjekt for godkjenning

Prosjekt 7821 Erstatning til bakkebasert luftvern

Prosjektet vart vedteke då Stortinget handsama Innst. 133 S (2023–2024) til Prop. 17 S (2023–2024). Prosjektet omfattar anskaffing av ein kombinasjon av kortdistanseraketten AIM-9X, mellomdistanseraketten AMRAAM 120C og raketten AMRAAM Extended Range (ER) med lengre rekkjevidd til det bakkebaserte luftvernet. Luftvernet skal kunne verne kampflybasen på Ørland, basen på Evenes, kritisk infrastruktur og allierte mottaksområde, samt styrkane til Hæren, mot truslar som kjem frå lufta.

Prosjektet tek vare på tre forhold: å erstatta dagens AMRAAM 120B med nye og moderne rakettar, å ta vare på ambisjonen om auka volum og ein kombinasjon av rakettar med ulik rekkjevidd til bakkebasert luftvern og å skaffa nye rakettar som følgje av donasjonar til Ukraina. Levering er planlagd i perioden 2027–2032.

I Prop. 87 S (2023–2024) *Forsvarsløftet – for Norges trygghet – Langtidsplan for forsvarssektoren 2025–2036* prioriterer regjeringa ei auka satsing på luftvern. I tråd med den vedtekne langtidsplanen for forsvarssektoren skal våpenleveransane til bakkebasert luftvern styrkjast. I langtidsplanen er det sett av midlar til anskaffing av stridsavgjerande ammunisjon, der ein del er rekna til fleire våpen til bakkebasert luftvern for å styrkja evna luftvernet har til beredskap og oppdragsløysing.

For å styrkja evna luftvernet har til beredskap, oppdragsløysing og uthald treng Forsvaret fleire luftvernrakettar av typane AIM-9X, AMRAAM 120C og AMRAAM ER (Extended Range), som er godkjende i luftvernsystemet NASAMS.

Regjeringa har, i tråd med fullmakta frå Stortinget, vedteke å donera luftvernrakettar. Samstundes skal materiellet skaffast på nytt så raskt som mogleg. Omfanget av gjenanskaffinga

er innarbeidd i den planlagde omfangsendringa av prosjektet.

Samla sett foreslår regjeringa å auka anskaffinga av rakettar i tråd med ambisjonen i gjeldande langtidsplan. Ut over éin-til-éin-gjenanskaffing av donerte luftvernrakettar er prosjektet rammestyrt. Talet på og samansetjinga av rakettar som skal skaffast, vil tilpassast operative behov, einingskostnader og leveringstider for dei enkelte delbestillingane.

Finansdepartementet har, i dialog med Forsvarsdepartementet, tidlegare vedteke at prosjektet skal vere unnateke konseptvalutgreiing og ekstern kvalitetssikring av konseptvalg (KS1). Det sentrale styringsdokumentet for prosjektet gjennomgjekk ekstern kvalitetssikring hausten 2023, i tråd med krava frå Finansdepartementet til store statlege investeringar. Som ein del av kvalitetssikringa vart òg framtidige omfangsendringar i prosjektet vurderte. Prosjektet er fleksibelt nok til å tola ei monaleg auke i omfanget.

Anskaffing av luftvernrakettar til NASAMS omfattar tryggingsgradert materiell av amerikansk opphav som er underlagt amerikanske eksportrestriksjonar. Delanskaffingane i omfangsendringa må difor gjennomførast som direkte anskaffingar frå amerikanske styresmakter gjennom regelverket Foreign Military Sales (FMS), jf. forskrift om forsvars- og tryggingsanskaffingar.

I samband med dei første bestillingane av luftvernrakettar i prosjektet vart det etablert avtalar om industrisamarbeid med leverandøren. Avtalane vert justerte fortløpande ved ytterlegare anskaffingar av luftvernrakettar. Kontrakten for delanskaffinga av AMRAAM-rakettar er planlagd signert innan utgangen av 2026, med levering i perioden 2032–2036. Anskaffinga av dei andre rakettane, som AIM-9X og AMRAAM ER, vert gjennomført fortløpande innanfor ramma av prosjektet og i tråd med langtidsplanen. Det vil stillast krav om industrisamarbeidsavtale til leverandøren av AMRAAM-rakettane for kontrakten som allereie er framforhandle. Krav om industrisamarbeidsavtalar for dei andre delanskaffingane vil bli vurdert heilskapleg i eit kost-nytteperspektiv når forhandlingar om kontraktar startar opp.

Den foreslåtte kostnadsramma for prosjektet (P85) er 21 259 millionar 2027-kroner, inkludert meirverdiavgift, avsetjing for uvisse og gjennomføringskostnader, samt kostnader knytte til kravet om avtale om industrisamarbeid. Kostnadsramma er basert på valutakursen per 1. juli 2026 og vil justerast ved endringar i valutakursane. Styringsramma for prosjektet er 19 501 millionar 2027-kroner, inkludert meirverdiavgift, fordelte med 14 368 millionar 2027-kroner over nasjonale investeringsmidlar og 5 134 millionar 2027-kroner finansierte av midlar frå ramma for den militære støtta til Ukraina.

5 Enkelttilskot i Nansen-programmet i 2026

Under følgjer ein oversikt over Forsvarsdepartementet sine planlagde tilskot til internasjonale samarbeidsvedtak og finansieringsordningar som del av den militære støtta i Nansen-programmet for Ukraina. Regjeringa tar atterhald om at endeleg tilskotsbeløp for 2026 vert fastsett gjennom avtalar mellom Forsvarsdepartementet og tilskotmottakarane, og at beløpet er avhengig av valutakursar og periodisering av utgifter over år. Regjeringa arbeidar med ytterlegare tilskot for 2026, som per tid ikkje er endeleg avklart og difor ikkje står i oversikta under.

Stortinget er, i tråd med den politiske avtalen om Nansen-programmet, konsultert om tilskota gjennom forsvarsministeren sine orienteringar til utanriks- og forsvarskomiteen. Tilskot til anskaffing av militært materiell og deltaking i internasjonale initiativ for støtte til Ukraina krev tidlege forpliktingar og utbetalingar. Der det er naudsynt vert midlane forplikta og utbetalt på førehand, hovudsakeleg for å leggja til rette for hurtigare leveransar til Ukraina.

Som følgje av at delar av informasjonen er skjermingsverdig, er enkelttilskota gruppert på tilskotsmottakar. Omtala av føremålet med enkelttilskota er også tilpassa graderingsnivå.

Tabell 5.1 Tilskot til internasjonale samarbeidstiltak og finansieringsordningar

(i mill. kroner)

Tilskotsmottakar	Føremål	Beløp
Estland	Militært materiell	300
Frankrike	Noreg bidreg med tilskot til Frankrike for finansiering av kapasitetar knytt til luftvern, glidebomber, og rombaserte prosjekt.	4 106
NATO (PURL)	Noreg bidreg til det USA- og NATO-initierte programmet Prioritized Ukraine Requirement List (PURL) for innkjøp av amerikansk materiell som Ukraina har behov for, mellom anna luftvernmateriell, ammunisjon og artilleri	4 934
Storbritannia (IFU)	I samarbeid med Storbritannia og andre land, bidreg Noreg mellom anna til finansiering av den maritime koalisjonen for Ukraina, inkludert anskaffingar av maritime kapasitetar for levering til Ukraina. Noreg bidreg også med eit tilskot til eit fond som skal dekke utgifter i NATO Security Assistance and Training for Ukraine (NSATU).	980
Tsjekkia	Artilleriammunisjon	1 528
USA (JUMPSTART)	Noreg bidreg til innkjøp av luftvernmateriell gjennom den amerikanske JUMPSTART-mekanismen	1 889
Internasjonale samarbeidspartnarar	Det er sette av midlar til å støtta Ukraina med militært materiell gjennom 2026, mellom anna gjennom tilskot til internasjonale samarbeidspartnarar.	6 500

Forsvarsdepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om endringar i statsbudsjettet 2026 under Forsvarsdepartementet.

Vi HAAKON, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak om endringar i statsbudsjettet 2026 under Forsvarsdepartementet i samsvar med eit vedlagt forslag.

Forslag
til vedtak om endringar i statsbudsjettet 2026 under Forsvarsdepartementet

I

I statsbudsjettet for 2026 vert det gjort følgjande endringar:

Utgifter:

Kap.	Post	Føremål	Kroner
1700		Forsvarsdepartementet	
	01	Driftsutgifter, vert auka med	8 966 000
		frå kr. 895 085 000 til kr. 904 051 000	
	43	Til disposisjon for Forsvarsdepartementet, *kan overførast*, vert redusert med	6 786 000
		frå kr. 6 786 000 til kr. 0	
	53	Risikokapital, NATO innovasjonsfond, vert auka med	861 000
		frå kr. 15 092 000 til kr. 15 953 000	
	71	Overføringar til andre, *kan overførast*, vert redusert med	1 400 000
		frå kr. 103 195 000 til kr. 101 795 000	
	72	Tilskot til Noregs forskingsråd, *kan overførast*, vert redusert med	18 200 000
		frå kr. 49 200 000 til kr. 31 000 000	
	73	Forsking og utvikling, *kan overførast*, vert redusert med	85 931 000
		frå kr. 168 460 000 til kr. 82 529 000	
	78	Noregs tilskot til NATOs og internasjonale driftsbudsjett, *kan overførast*, vert redusert med	20 584 000
		frå kr. 1 252 856 000 til kr. 1 232 272 000	
	90	Kapitalinnskot, NATO innovasjonsfond, vert auka med	1 599 000
		frå kr. 27 119 000 til kr. 28 718 000	
1710		Forsvarsbygg og nybygg og nyanlegg	
	01	Driftsutgifter, *kan overførast*, vert redusert med	363 855 000
		frå kr. 8 241 226 000 til kr. 7 877 371 000	
	47	Nybygg og nyanlegg, *kan overførast, kan nyttast under kap. 1760, post 45*, vert auka med	187 000 000
		frå kr. 7 921 658 000 til kr. 8 108 658 000	
1720		Forsvaret	
	01	Driftsutgifter, vert auka med	724 336 000
		frå kr. 50 499 358 000 til kr. 51 223 694 000	

Kap.	Post	Føremål	Kroner
1730		Forsvarshistorisk museum	
	01	Driftsutgifter, vert auka med	1 663 000
		frå kr. 208 013 000 til kr. 209 676 000	
1740		Statens graderte plattformtenester	
	01	Driftsutgifter, *kan overførast, kan nyttast under kap. 1740, post 45*, vert auka med	15 305 000
		frå kr. 713 357 000 til kr. 728 662 000	
	45	Større utstyrsanskaffingar og vedlikehald, *kan overførast,* vert auka med	30 000 000
		frå kr. 179 333 000 til kr. 209 333 000	
1750		Militær støtte til Ukraina	
	21	Spesielle driftsutgifter, *kan overførast, kan nyttast under 1750, post 79*, vert redusert med	3 395 059 000
		frå kr. 48 462 214 000 til kr. 45 067 155 000	
	79	Tilskot til militær støtte for Ukraina*, kan overførast, kan nyttast under 1750, post 21*, vert auka med	4 085 619 000
		frå kr. 18 776 551 000 til kr. 22 862 170 000	
1760		Forsvarsmateriell og større anskaffingar og vedlikehald	
	01	Driftsutgifter*, kan nyttast under kap. 1760, post 45*, vert auka med	66 843 000
		frå kr. 2 689 936 000 til kr. 2 756 779 000	
	44	Fellesfinansierte investeringar, nasjonalfinansiert del, *kan overførast,* vert redusert med	73 000 000
		frå kr. 316 133 000 til kr. 243 133 000	
	45	Større utstyrsanskaffingar og vedlikehald, *kan overførast, kan nyttast under kap. 1710, post 47,* vert redusert med	607 462 000
		frå kr. 31 857 145 000 til kr. 31 249 683 000	
	48	Fellesfinansierte investeringar, fellesfinansiert del, *kan overførast*, vert redusert med	290 645 000
		frå kr. 290 645 000 til kr. 0	
	75	Fellesfinansierte investeringar, Noregs tilskott til NATO investeringsprogram for tryggleik, *kan overførast, kan nyttast under kap. 1760, post 44*, vert redusert med	164 494 000
		frå kr. 450 609 000 til kr. 286 115 000	
1791		Redningshelikoptertenesta	
	01	Driftsutgifter, vert auka med	5 848 000
		frå kr. 799 464 000 til kr. 805 312 000	

Inntekter:

Kap.	Post	Føremål	Kroner
4710		Forsvarsbygg og nybygg og nyanlegg	
	01	Driftsinntekter, vert redusert med	128 995 000
		frå kr. 7 065 459 000 til kr. 6 936 464 000	
	47	Sal av eigedom, vert auka med	18 000 000
		frå kr. 10 250 000 til kr. 28 250 000	
4720		Forsvaret	
	01	Driftsinntekter, vert auka med	674 757 000
		frå kr. 732 247 000 til kr. 1 407 004 000	
4730		Forsvarshistorisk museum	
	01	Driftsinntekter, vert auka med	1 014 000
		frå kr. 19 575 000 til kr. 20 589 000	
4740		Statens graderte plattformtenester	
	01	Driftsinntekter, vert auka med	36 000 000
		frå kr. 250 928 000 til kr. 286 928 000	
4750		Militær støtte til Ukraina	
	01	Driftsinntekter, vert auka med	55 316 000
		frå kr. 0 til kr. 55 316 000	
4760		Forsvarsmateriell og større anskaffingar og vedlikehald	
	01	Driftsinntekter, vert auka med	94 691 000
		frå kr. 380 132 000 til kr. 474 823 000	
	45	Større utstyrsanskaffingar og vedlikehald, inntekter, vert redusert med	467 000 000
		frå kr. 4 322 277 000 til kr. 3 855 277 000	
	48	Fellesfinansierte investeringar, inntekter, vert redusert med	429 205 000
		frå kr. 1 086 700 000 til kr. 657 495 000	

Fullmakter til å pådra staten forpliktingar ut over gitte løyvingar

II

Tilsegnsfullmakter

Stortinget samtykkjer i at Forsvarsdepartementet i 2026 kan gi tilsegn om tilskot utover gitt løyving, men slik at samla ramme for nye tilsegn og gammalt ansvar ikkje overstig følgjande beløp:

Kap.	Post	Føremål	Samla ramme
1700		Forsvarsdepartementet	
	72	Tilskot til Noregs forskingsråd	462 100 000

III

Investeringsfullmakter

Stortinget samtykkjer i at Forsvarsdepartementet i 2026 kan:

1. Starta opp følgjande nye investeringsprosjekt:

Prosjekt	Kostnadsramme
Prosjekt 1164 Simulator til P-8A Poseidon	4 818 mill. kroner

Fullmakta gjeld òg forpliktingar som vert inngått i seinare budsjettår. Samla utbetalingar og attverande forpliktingar skal til kvar tid halda seg innanfor den vedtekne kostnadsramma for det enkelte prosjektet. Kostnadsramma er oppgitt i 2027-kroner. Forsvarsdepartementet får fullmakt til å pris- og valutajustera kostnadsramma i seinare år.

2. Endra omfang og kostnadsramme for følgjande investeringsprosjekt:

Prosjekt	Kostnadsramme
Prosjekt 7821 Erstatning missiler til bakkebasert luftvern	21 259 mill. kroner

Fullmakta gjeld òg forpliktingar som vert inngått i seinare budsjettår. Samla utbetalingar og attverande forpliktingar skal til kvar tid halda seg innanfor den vedtekne kostnadsramma for det enkelte prosjektet. Kostnadsramma er oppgitt i 2027-kroner. Forsvarsdepartementet får fullmakt til å pris- og valutajustera kostnadsramma i seinare år.

Trykksak
2041 0446

Departementenes sikkerhets- og serviceorganisasjon